

Sunndalsfjorden og Tingvollfjorden grunneigarlag (i teksten: Grunneigarlaget)

v/ nestleiar Magnar Husby

magnar.hu@gmail.com

mobiltlf. 90849997

Møre og Romsdal fylkeskommune

Regional vassforvaltningsplan, høyring

dokpost@mrfylke.no

Høyringssvar om Regional Vassforvaltningsplan med tilhøyrande Regional tiltaksplan for Møre og Romsdal

Regional vassforvaltningsplan

1.Grunneigarlagets kommentar til side 6 under Hovudutfordringar:

Her er Nordre Sunnmøre og Romsdal vassområder nemnt. Grunneigarlaget meiner at Søre Nordmøre vassområde må vere det første å nemne her. Av plandokumenta går det fram at dette truleg er det alvorlegaste problemområdet.

2. Grunneigarlagets kommentar til andre punkt i forvaltningsplanen.

Vi siterer frå **Regional vassforvaltningsplan:**

Side 25

Sitat: «I Møre og Romsdal vassregion er Aspevågen ved Ålesund og Sunndalsfjorden prioriterte tiltaksområde i den nasjonale handlingsplanen for forureina sjøbotn. Det er planar om å gjennomføre tiltak for å betre tilstanden i Aspevågen i planperioden. Det er ikkje planlagt tiltak i Sunndalsfjorden no på grunn av pågåande utslepp frå industri. Tilstanden i Sunndals- og Tingvollfjorden er har også vært eit prioritert område for Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane i Søre Nordmøre vassområde. Fylkestinget vedtok i si behandling av Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020 – 2024 den 15.6.2020 i at «Møre og Romsdal fylkeskommune seier nei til etablering av et nasjonalt deponi for uorganisk farleg avfall på Rausand i Molde Kommune. Møre og Romsdal fylke må arbeide inn i sin fylkesplan, eit forsterka grunnlag for å hindre at eit nasjonalt deponi for uorganisk farleg avfall blir etablert på Rausand, samt grundige og nødvendige miljøundersøkelser av fjorden. At miljøforbetringar i Sunndalsfjorden ikkje blir forsinka og i alle fall ikkje forverre av aktivitet er viktig for kommunane i Søre Nordmøre vassområde og fylkeskommunen».

Vi siterer frå **Regionalt tiltaksprogram for Møre og Romsdal**

Side 25

Sitat:

«6.2.2 Forurensset sjøbunn

Aspevågen ved Ålesund og Sunndalsfjorden er prioriterte område i den nasjonale handlingsplanen for forureina sjøbotn. Det er ikkje planlagt tiltak i Sunndalsfjorden i den neste planperioda som følgje av utslepp frå industri. Ein må først redusera utslepp ifrå industrien før ein kan gjere tiltak i forureina sjøbotn.»

Side 28

Sitat:

«6.2.4 Industri og gruver

Industri

Miljødirektoratet er myndigheit for enkelte verksemder som er vurdert å påverke vassførekomsten. Hydro Aluminium Sunndal påverkar Sunndalsfjorden med utslepp av mellom anna metall og PAH. Verksemda skal greie ut moglegheiter for tiltak som kan redusere diffuse utslepp av støv til luft og vatn, og dette er spilt inn i vann-nett. Verksemda har også gjennomført fleire tiltak i inneverande planperiode, og vidare overvaking vil kunne vise kva for effekt desse har hatt på resipienten. Til same fjord, men lenger ut, ligg verksemda Real Alloy som har utslepp av suspendert stoff og ulike tungmetall. Verksemda har fått krav om å greie ut moglegheiter for tiltak som kan redusere utslepp til sjø, og dette er spilt inn i vann-nett. Det er ikkje utarbeida kostnadsestimat for dei to tiltaka.

Nedlagde gruver

«.....

I Møre og Romsdal vassregion har Miljødirektoratet førebels ingen nedlagde gruver som blir følgde opp spesifikt». Sitat slutt.

Til desse sitata uttalar Grunneigarlaget:

Grunneigarlaget er svært skuffa over at Regional vassforvaltningsplan og Regionalt tiltaksprogram på denne måten tek arbeidet med Sunndalsfjorden/Tingvollfjorden ut av fylket si plan og overlet det til heilt utilfredsstillande og minimale tiltak i regi av to private verksemder, og Miljødirektoratet, som til og med har gjeve løyve til auka utslepp av farlege stoff til fjorden. Vi har sett dette vorte grunngeve med mellom anna med at det berre vil utsetje friskmeldinga av fjorden ei stund. Slik argumentasjon er å spele poker med det økologiske systemet i fjorden og helsa til folk, og slikt kan ikkje godtakast.

Grunneigarlaget har respekt for at fylket ikkje har økonomiske midlar til på eiga hand å stå i spissen for arbeidet med å atterføre fjorden til status som minst god økologisk tilstand, og reknar med som meldt i dokumenta, at fylket vil rette slike krav til styresmaktene som er ansvarlege for det som historisk har gått føre seg med fjorden på desse områda.

Grunneigarlaget meiner likevel at fylket her rømmer unna vel mykje. Det burde vere ei grei finansiell sak for fylket i det minste å sørgje for at det vert teke prøver, evt. gjennom grunnboringar, av kva som finst av farlege stoff i gruveområdet på Raudsand. Og vi meiner også at det er muleg for fylket å starte dei miljøundersøkingane som dei etterlyser i dokumenta, på eiga hand. I første omgang kan det gjerast med eit prosjekt som ser på korleis det står til med nokre få biologiske signalartar i heile fjorden. Vi nektar å tru at fylket ikkje har økonomi til å prioritere akkurat det.

Det planverket som her er utarbeidd som svar på vassdirektivet, ser vi elles positivt på. For oss framstår det som ei idealistisk ønskeliste som kan føre fram til eit miljøfylke viss det vert realisert. Men konkretiseringa og verkeleggjeringa av det er avgjerande.

Det er for eksempel fleire tiltak nemnt i planen for Søre Nordmøre vassregion utanom den store og avgjerande fjorden, som vi kan stø. Her vert det satsa store ressursar på laks- og aure-forvaltninga i elvane, og på andre mindre tiltak langs og i fjorden. Men vi er i sterk tvil om dette blir rekningssvarande så lenge det ikkje blir gjort noko med fjorden.

3.Grunneigarlaget vil vidare foreslå at fylket årleg rapporterer offentleg om tilstanden til fjorden på ein måte som er forståeleg for folk flest. Vi veit at mykje informasjon er presentert på Vann-Nett, men denne informasjonen er verken lett tilgjengeleg eller lett forståeleg. Vi meiner fylkeskommunen har ei demokratisk plikt til å rapportere slik at folk forstår korleis tilstanden er på ein grei, open og objektiv måte.

Mjølkil 29. mai 2021

For Grunneigarlaget

Magnar Husby – nestleiar

Perly Grande Eikås – leiar

Maud Grøtta - sekretær